



Link Arkitektur AS
v/Andreas Neumann Meyer
Postboks 383 Sentrum
0102 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2349 - 19/15434

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
04.07.2019


Godkjenning- endringsløyve industribygg tilbygg teknisk rom gbnr 22/174 Mjåtveit

Administrativt vedtak. Saknr: 153/2019

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke Saka gjeld:

Tiltakshavar har søkt om endring av løyve til oppføring av industribygg på gbnr 22/174. Endringane gjeld utviding av bygget med tilbygg med bruksareal med 20 m² mot nord. Tilbygget- teknisk rom- er naudsynt for tekniske installasjonar.



Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Tilbygget er vist mellom akse 7 og 8 og skal utførast i samsvar med teikning A307 motteke 1.07.19

For nærare opplysningar om tiltaket elles blir det vist til løyvet gitt i sak DNT 027/08 den 04.03.08. Dette vedtaket gjeld for tiltaket om ikkje anna går fram av vedtaket nedanfor.

VURDERING:

Nabovarsling og privatrettslege tilhøve:

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje trong for nabovarsling då endringane ikkje får verknader for naboane.

Lov- og plangrunnlag:

Den omsøkte eigedomen er avsett til byggeområde for industri i *Reguleringsplan for industriområde Mjåtveit/Frekhaugmarka*, arealplanid 1256 1978 0310. Omsøkt endring av tiltak er i samsvar med arealformålet i reguleringsplanen.

Planløyving, høgde og utsjånad:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med vedlagt plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført motteke 01.07.19 godkjent i samsvar med vedlagt situasjonsplan, datert 24.04.19. Kommunen vurderer at tiltaket stettar krava i pbl §§ 29-1 – 29-3.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av pbl § 20-1 løyve til endring av tiltak godkjent i vedtak DNT 027/08 den 04.03.08 for oppføring av industribygg på gbnr 22/174, jf søknad motteke 24.04.19. Tilbygget mot nord på 20 m² skal etablerast i samsvar med vedlagt situasjonsplan, datert 24.04.19 og teikning A307 motteke 01.07.19. Grunnngjevinga går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Tiltaket skal utformast som vist på vedlagte plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført motteke 24.04.19 og plasserast i samsvar med tidlegare godkjenning. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjort unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gitt, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden blir registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova. Matrikkelen er det offisiell registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Vestland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr. Det kan klagast over kva for punkt i gebyrregulativet gebyret er berekna ut frå.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om ferdigattest GBNR 22/174

E-postmelding - Søknad om ferdigattest GBNR 22/174

Vedlegg A1 - A2

Vedlegg D1

Vedlegg E1 - E4

Vedlegg G1 - G2

Vedlegg K1 - K7

Vedlegg Q1 - Q2

Kopi til:

Mjåtveitflaten 55 AS

Kanalveien 50

5068

BERGEN

Mottakarar:

Link Arkitektur AS

Postboks 383
Sentrum

0102

OSLO